

Mal for omtale av kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse

I. Omtale av kvart område:

1. Namn på området og kort karakteristik
Rosendal
– *Møtestad og baroni i alpine omgjevnader*
2. Områdeavgrensing, plassering (beliggenhet i Askeladden).
Sjå kart.
3. Skildring av området (maks 1 side)

Landskapet er ein breid, dyrka skråning omkransa av dei einaste alpine fjella i Hordaland i sør og aust. Strandstaden Rosendal ved fjordbukta. Hattebergelva tek smeltevatn frå fjellvatn og isbre ned dalen mellom fjella, forbi Baroniet på Hatteberg, før den renn ut i Skålafjøra. Landskapet byr på store jordbruksareal på ein vid strandbrem der bygdene her ligg. Rosendal har god tilgang til vatn, god hamn og gode utmarksområde i Muradalen og Meldalen. Mellomalderkyrkjestaden på Skåla ligg på ein framskoten kvelving i landskapet og er synleg vidt omkring, det einaste baroniet i landet ligg tilbaketrekt frå strandstaden.

Området har vore samlingsstad i lang tid, stadnamnet Skåla tyder samlingsstad. Dei kulturhistoriske elementa i landskapet går attende til steinalderen sine fangstbuplassar, der dei sørvestvende bakkane utmerkar seg som særst attraktive for tidleg jordbruksbusetnad frå slutten av steinalderen. Talrike funn av jordbruksdrift, busetnad og gravminne frå bronse- og jernalderen viser at landskapet har hatt ein viktig posisjon i regionen også vidare opp gjennom forhistoria. Røysene på Skeie, Snilstveitøy og Skåla sirklar inn ein viktig stad. Steinkyrkja frå mellomalderen og spor etter ei eldre kyrkje og ein mellomaldergravplass viser at bygda har vore ein sentral kyrkjestad for denne delen av fjorden framover i nyare tid. Skåla var i vikingtida sentrum i skipreida, der sto vete på Snilstveitøy. Skipsbygging har lange tradisjonar i Skålafjøra, nausttuftene frå jernalderen ligg synlege i terrenget. I nyare tid vart bygda kjend for bygging av hurtiggåande jakter, som Roald Amundsen sitt skip «Gjøa».

Baroniet ligg ein kilometer aust frå sjøen på garden Hatteberg, med eit lite slott, avlsgard og hage. Det vart gjeve det nye namnet Rosendal i 1678, av den danske adelsmann Ludvig Rosenkranz, etter mønster frå adelsseta Rosenvoll og Rosenholm i Danmark. Baroniet er det einaste i Norge. Slottet som truleg er oppført i perioden 1660-65 har barokke stiltrekk. Hagen vart anlagt samstundes, og er ein tidstypisk renessansehage. Hagen vart utvida i 1850-75, til eit stort hageanlegg i romantisk landskapshagetradisjon. Slottet har eit breidt landskapsrom med gardstun og innmark rundt seg, og er omkransa av ei gruppe alpine fjell. Midtaksen gjennom slottsportalen ender i Malmangernuten, og bind landskapsromma i baroniet til det store landskapsrommet utanfor. I samspel med desse nærområda når hagekunsten i Noreg eit av sine høgste uttrykk, og den romantiske landskapsparken frå 1850-75 er heldt fram som eit hovudverk i romantikkens kunst i Norge. Landskapet har sterk visuell verknad.

4. Fastsetting av landskapskarakter:

Rosendal er eit skålfforma landskap ved Hardangerfjorden, med alpine fjell som ein krans i sør og aust. Strandstaden Rosendal ligg ved fjordbukta, og dei sørvestvende bakkane er jordbruksareal med stor tidsdjupne. Gravminna frå jern- og bronsealder, og steinkyrkja frå mellomalderen, viser at Skåla lenge har vore ein naturleg møtestad i denne del av fjorden. Det tilbaketrekte baroniet på Hatteberg, med høge fjell og gardar med dyrka mark rundt seg, er eit sjeldant landskap der det vesle slottet, naturlandskapet, kulturlandskap og hagekunst opplevast som ein heilskap. Landskapet er svært inntrykkssterkt.

5. Nasjonal interesse. Grunngeving for at området er av nasjonal interesse

Rosendal er ein naturleg møtestad med stor tidsdjupne og høg historieforteljande verdi. Ei rekkje kulturminne av nasjonal verdi vitnar om dette, som mellomalderkyrkja og mellomaldergravplassen på Skåla. Baroniet Rosendal er eineståande i nasjonal samanheng, og spelar opp mot landskapsrommet utanfor anlegget i ei heilskapleg oppleving. Det freda anlegget har høg arkitektonisk verdi, og landskapshagekunsten i Noreg når her eit svært høgt uttrykk. Landskapshagen er heldt for å være eit hovudverk i romantikken sin kunst i Norge. Landskapet i Rosendal har som heilskap sjeldan visuell styrke.

6. Råd om sårbarheit, tålegrenser, forvaltning

Sårbarheit og tolegrenser:

Landskapet er sårbart for høge eller strukturar mellom Baroniet og sjøen, og for nedbygging av kulturlandskapet rundt Baroniet. Opplevinga av Baroniet er svært sårbart for store strukturar i nærområda.

Forvaltning:

Landskapet bør i kommuneplanens arealdel gjevast omsynssone c) med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø, med føresegner og retningslinjer som formulerer målsetninga for forvaltninga av området, og rammer for bruken av det.